



HEMSEDAL KOMMUNE

**Ta vare på
Hemsedal –
vekst og
utvikling bygd
på natur,
kultur og
livskvalitet**



30.11.2009

Revidert utgåve etter vedtak i
kommuneplannemnda 19.05.2010, og endeleg
vedtak i kommunestyret 03.06.2010


KOMMUNEPLANEN 2009 - 2021
SAMFUNNSDELEN

Innhold

Innleiing	2
Planarbeidet – organisering og medverknad	4
Historikk.....	5
Utviklingstrekk.....	6
Naturressursar.....	7
VISJON	8
Kultur	9
Oppvekst.....	11
Helse, velferd, omsorg	13
Butilbod.....	16
Utbyggingsstrategi	18
Næringsliv	21
Miljø.....	23
Samferdsel og kommunikasjon	25
Samfunnssikkerheit og beredskap – ROS ⁴⁾	27

Innleiing


Kommunen er pålagt å drive kommunal planlegging, fyrst og fremst gjennom plan- og bygningslova, men òg etter kommunelova. Kommuneplanen sin samfunnsdel er eit viktig dokument i det kommunale plansystemet. Arealdelen syner og samordnar langsiktig forvaltning av areal og andre naturressursar ut i frå kommunale mål og nasjonale/ regionale mål for arealpolitikk. Ny plan og bygningslov frå 1. juli 2009 gjev føringar for kommunal planlegging og nedanfor er det vist korleis dei ulike plansystema heng saman.



Figur som viser plansystemet etter ny plan – og bygningslov 2008/ 2009.

Økonomi

Samfunnsdelen er kommuneplan sin langsiktige del. Den dannar grunnlaget for handlingsprogrammet som er ein del av økonomiplanarbeidet, både langsiktig økonomiplan og årsbudsjett.



Figur som viser sammenhengen mellom samfunnsdelen- handling/ økonomiplanen – resultat/årsmelding.

Gjeldende kommunale planar

Hemsedal kommune har innanfor sine sektor- og tenestoområde planar både som er overgripande sektorplanar og handlingsplanar på detaljtenestoområda.

Hovudplanar:

- Landbruksplanen (kommunestyresak 56/07)
- Reiselivsplanen (kommunestyresak 32/08)
- Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet (kommunestyresak 85/08)
- Pleie og omsorgsplan - 08/984
- Barnehageplan 2006-2010
- Læreplan for grunnskulen / Rammeplan for barnehagen

Vurdering av gjeldande sektorplanar, temaplanar m.m. vert tatt gjennom arbeidet med kommunal planstrategi.

Beredskapsplan/ kriseplan

Hemsedal kommune har Beredskapsplan for uventa hendingar som større ulukker og katastrofehendingar.

Regionale og fylkeskommunale planer:

- Strategisk plan for Hallingdal
- Regional planstrategi for Buskerud 2009-2012.
- Regional delplan for reiselivet i Buskerud

Planarbeidet – organisering og medverknad

I medhald av plan – og bygningslova vedtok kommunestyret i sak 31/07 og 07/08 at samfunnsdelen av kommuneplanen skal reviderast.

Kommuneplannemnda som politisk organ har førebudd planen, før den vert lagt ut til offentleg ettersyn. Administrasjonen har samordna planen, og tilrettelagt for politiske drøftingar. I planprosessen har arbeidet vore kunngjort i Hallingdølen, på kommunen sine heimsider og i kommuneposten. Lag og organisasjonar, barnehage, skule og innbyggjarane i Hemsedal har fått spørsmål om å kome med innspel til planen. Alle har fått spørsmåla:

Kva er bra i Hemsedal?

Kva er mindre bra?

Kva ville du forandra?

Korleis håpar du Hemsedal er i år 2020?

Av tilbakemeldingane opplever dei fleste at Hemsedal er ein god plass å bu. Kommunen har flott natur, gode mogelegheiter for fritidsaktivitetar i frisk luft, mykje frivillig arbeid i lag og organisasjonar, og gode kommunale tenester. Det mange har peika på som mindre bra, er at kommunen ikkje har symjehall, at det manglar gangveg etter riksvegen, auke av tungtransport gjennom bygda som eit problem, for få bustadtomter, søppel i sentrum og attgroing av kulturlandskap. Mange er spente på kva omfang turistutbygging vil få, og kva måte dette vil påverke bygda. Frå barna har ein fått mange gode innspel, m.a. til aktivitetstilbod som spenner frå danseplass for barn til hoppbakke. Nokon av innspela frå barn og unge er teke inn i plandokumentet.

Kva er bra i Hemsedal?

Allt unntatt søppel i naturen.
Fordi dyr kan skade seg. Fleire søppelbatter.

SVØMME HAC MED MANGE
VAMSKLIER

Historikk

”Hemsedal sin eigenart spring ut av tre forhold, natur, næring og mentalitet.

Naturen er prega av tøffe og varierte fjellformasjonar, men også av ein relativt brei og open dalbotn. Dette gir hemsedalslandskapet ein særeigen karakter og sjarm. Samtidig har det lagt grunnlaget for den til nyleg dominerande næringa i Hemsedal, landbruket. I utgangspunktet var likevel tilhøva for eit stort landbruk karrig, så høgt til fjells. Den utfordringa dette gav, skapte ein mentalitet som ligg bak Hemsedal sin vekst frå fattigbygd til velstandssamfunn: ta vare på dei muligheitene som finst, byggje stein på stein og lite på egne krefter.


Det er ikkje mange sterkt veksande turistbygder som har greidd å halde ved like landbruket og kulturlandskapet så godt som ein har gjort i Hemsedal. Med dei trendane som i dag gjer seg gjeldande innafor turismen, gjev denne historiske arven eit fortrinn som er gull verd om ein veit å aktivt ta vare på og bruke han.

Greier ein å kombinere dette med ei tilsvarande satsing på et kulturelt særeigne, kan ein snakke om at Hemsedal er i nærleiken av den etterspurde unike profilen. Tradisjonelt har folket her vore vakne for sin eigen kulturelle identitet, men påverknaden utanfrå og frå den store mengda tilreisande legg denne under hardare press. Særleg er det merkande på talemålet, dialekten, som er det mest tydelege teiknet på om den kulturelle ryggrada held. Skal Hemsedal opplevast som ekte og eigenarta, krevst det større medvit om og målretta arbeid med denne sida ved reisemålet.” (Kjell Snerte)



Utviklingstrekk

Hemsedal kommune har hatt jamn folketalsauke. Frå å passere 1600 i 1989, har kommunen passert 2000 innbyggjarar i 2009. Om ein ser på SSB si framskriving av folkemengde til 2021, med middels nasjonal vekst, ser tala slik ut:



Figur som viser nåværende og framskreven aldersfordeling.


Om ein i tillegg ser på fordelinga mellom kjønn, har kommunen tilnærma like mange kvinner som menn.

23,5 % av befolkninga i Hemsedal er under 17 år (SSB 2008). Hemsedal har utfordring i å finne balansen mellom turistutvikling og trygt oppvekstmiljø for barn og unge. Reiselivsutvikling, hyttepolitikk og naturforvaltning er viktig for deira framtid, og deira syn på eigen framtid i bygda.

Identitet og stedstilhørighet er i tillegg til alle praktiske og økonomiske spørsmål, viktig for om ungdom kan tenkje seg å busette seg i bygda. Det å kjenne seg verdsett og viktig for bygda si framtid, er også ein del av dette. At prisane på bustader vert pressa opp, gjer at det er vanskeleg for ungdom å kjøpe sitt eige. Ein alvorleg bieffekt kan vere at ungdom ikkje ser på ei framtid i Hemsedal som aktuelt (Kjelde: NIBR-rapport 2008:17).

Trendar for busetting, viser ei tydeleg endring dei siste åra. Frå 2000 til 2009 har talet på busette i tettstadane auka frå 592 til 950 (SSB). Dette kan ein og sjå av bustadbyggingsstatistikken, der talet på bustadeiningar i tomannsbustader eller leiligheitsbygg har auka kraftig dei siste åra. Bustadeiningar bygd i perioden 1998-2009:

	Einebustader	Fleirmannsbustader/Leiligheiter	Bustader spreidd
1998-2003	48	12	10
2004-sept 2009	31	70	10



Sysseletting i ulike næringar 2001 og 2009. (Kjelde:Buskerudstatistikk)

Naturressursar

Hemsedal kommune er 753 km² (98% meir enn 600 m.o.h.)

740 km² er jord, skog og utmark

53 km² er produktiv skog (55 % middels bonitet, 45% låg bonitet)

20 km² er jordbruksareal


39 km² er ferskvatn

9 km² er areal til alpin formål

1,5km² er areal til golf

1,5km² er tettstadsområder

1 km² er areal til turist/reiseliv



VISJON

**Ta vare på Hemsedal –
vekst og utvikling bygd på natur, kultur og livskvalitet**

For å nå målet skal menneska setjast i sentrum for alle oppgåvene kommunen gjennomfører. Det skal takast vare på den særeigne naturen og kulturen som pregar bygda og utvikle Hemsedal sitt mangfaldige næringsliv med vekt på reiseliv og landbruk

Korleis håpar du Hemsedal kommune er i 2020?

Jeg håper det er et fint miljø her

Det er bra at Hemsedal ikke er ein stor by

Kultur

Hemsedal kommune vil i sin kulturpolitikk sikre mangfaldet innanfor kulturlivet og gjennom kultur og idrett styrke kjensla av samhold og felleskap i bygda.

Nosituasjon og utfordringar:

Hemsedal er ei bygd med levande tradisjonar, variert kulturliv, og mange frivillige lag og organisasjonar. Laga og organisasjonane er svært aktive og involverer barn og unge i gode fritidsaktivitetar tilpassa den enkelte. Idrett og friluftsliv saman med dialekt, musikk, dans og andre kulturuttrykk skapar livskvalitet for innbyggjarar og tilreisande.

Hemsedal tek vare på tradisjonane, men gir også rom for nye skikkar og utrykk.

Biblioteket er ein viktig møtestad både for fastbuande og tilreisande. Lokalet er godt eigna for konsertar og andre kulturarrangement. Biblioteket, som også er skulebibliotek, har stor aktivitet og mykje besøk og det kan vere behov for utviding av opningstidene.

Fritidsklubben er open to gonger i veka og er eit tilbod for ungdom i alderen 12-16 år. Klubben skal vere ein arena for positive sosiale aktivitetar og vere eit alternativt tilbod som femner om uorganisert sport og leik.

Kommunen har idrettsanlegg nær Trøim sentrum med kunstgrasbane. Skiområdet på Gravset har utvikla seg til å bli eit område for både skileik for dei minste og til utgangspunktet for eit skiløypenett med mange mil oppkøyrde løyper. Begge desse anlegga kan utviklast vidare. Hemsedal skisenter er i tillegg til å vere eit reiselivsområde, også eit viktig aktivitetsområde for alle aldrar, som spesielt barn og ungdom set pris på. Utfordringa for kommunen dei neste åra er å få til eit bade/symje-anlegg. Dette er aktivitets- velferdsanlegg som mange etterspør, og som har vore ein draum i Hemsedal i mange år.

Kyrkja er både statskyrkje og folkekyrkje. Innan det kyrkjelege arbeidet er kyrkjelyden den grunnleggjande part. Soknerådet har ein avgjerande plass som styringsorgan og skal ta vare på kommunestyret sitt kyrkjelege ansvar og set mål for kyrkjesektoren.

Kyrkjebygget er eit velegna konsertlokale der kulturlivet og kyrkja mellom anna har felles arrangement. Dette samarbeidet må vidareutviklast.

Me vil:

- At Hemsedal tek vare på sin kulturelle identitet.
- Ha gode arbeidsvilkåra for frivillige lag i kommunen og gje rom for eldsjeler innanfor kulturtiltak.
- Ta vare på faste kulturminne, gamle hus og bygningsmiljø.
- Ha ein aktiv fritidsklubb.
- Ha eit attraktivt bibliotek som møteplass og arena for kultur- og kunnskapsformidling.
- At alle som ynskjer det og får tildelt plass ved musikk- og kulturskulen.
- Ha attraktive idretts- og aktivitetsanlegg.
- Leggje til rette for at kulturen i framtida kan bli eit enda større fortrinn for bygda når det gjeld utvikling av spennande reiselivsprodukt sumar og vinter, og supplere tilboda som finns i dag.
- At samarbeidet mellom kommune og kyrkje må vidareutviklast til fordel for felles arrangement. Vidare å ha ei inkluderande kyrkje som femner om forskjellige kulturar og gir støtte til enkeltmenneske i ulike livssituasjonar.

Difor skal kommunen:

- Vidareutvikle samarbeid med reiselivet, lag og organisasjonar om synleggjering av idrett, store arrangement, kulturminne og kulturprosjekt.
- Styrkje samarbeidet mellom bygdearkiv, bibliotek og museum for å sikre best mogleg innsamling, forvalting og formidling av lokalhistorisk materiale.
- Leggje til rette for eit tilbod med meiningsfylte aktivitetar for alle aldersgrupper.
- Syte for at biblioteket kan tilby tradisjonelle bibliotektenester samstundes som det vert teke i bruk framtidretta IKT-løysningar. Vidare å styrke biblioteket som bidragsytar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald.
- Saman med idrettslag og andre aktuelle aktørar vidareutvikle Gravset og idrettsanlegget ved Hugnadheim.
- Arbeide aktivt for å få til bade/symje anlegg i kommunen.
- Saman med kyrkja arbeide for at kyrkja både som institusjon og lokale er open og inkluderande for alle i ulike livsfasar og livssituasjonar.

Oppvekst

Hemsedal kommune vil ha eit trygt oppvekstmiljø, der kvar enkelt kan utvikle seg til eit sjølvstendig menneske, og rustast til å møte livets oppgåver og meistre utfordringar saman med andre.

Nosituasjon og utfordringar:

Barnehagetilbodet er godt utbygd med 8 avdelingar, men med aukande fødselstal og tilflytting, byr ventelister på utfordringar. Kommunen sine behov for barnehageplassar varierer i takt med etterspørsel av arbeidskraft og eit fleirkulturelt miljø.

Barnehagane er organisert i oppvekstsenter. Barn som har plass i barnehagen får ei heilskapleg oppfølging ved oppvekstsenteret. Foreldra, personalet i barnehage og skule har eit nært samarbeid og legg vekt på ei felles forståing for det enkelte barns behov. Mangel på nok tilsette i barnehagar er ei utfordring og det er vanskeleg å rekruttere førskulepedagogar.

Grunnskulen har eit godt læringsmiljø og det er lite mobbing blant elevane. Erfaringane med oppvekstsenter, der barnehage, SFO og 1.-4.årstrinn er samla og med gode overgangar til barne- og ungdomsskule, har sterk forankring i lokalmiljøet. Oppvekstsentermodellen bidreg til trygge oppvekstvilkår.

Grunnskulen har stabile lærarkrefter og Hemsedal har gode resultat ved elevane si trivselsundersøking. Eksamensresultatet ligg på nivå med landsgjennomsnittet.

Hemsedal nyttar språk- og leseplan 0-16 år som er utarbeidd for alle kommunane i Hallingdal. Planen er utarbeidd i samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, bibliotek og skule.

Hemsedal har oppretta ungdomsråd som skal vere rådgjevings- og høyringsorgan for politiske utval. Ungdomsrådet skal mellom anna vere talerøyr for ungdommen sine interesser. Dei politiske utfordringane blir å hjelpe til at rådet blir funksjonelt og stimulere til eit fruktbart samarbeid.

I tillegg til dei lokale laga og organisasjonane er det mange instansar; kommunale og statlege som arbeider både med førebyggjande og ulike hjelpetiltak for barn, unge og deira familiar. Staten initierer ulike prosjekt og føringar i forhold til førebygging for barn og unge sine oppvekstvilkår. Hemsedal har tilflytting av familiar og ungdom som blir i kommunen i ei relativ kort periode av året. Desse periodane er intensive og til dels ugunstige for ungdom og barnefamiliar. I tillegg har dei ofte eit avgrensa sosialt nettverk og kjem lite med i det gode aktivitetstiljøet elles i bygda. Trass i gode aktivitets- og oppveksttiltak, blir barn og unge utsett for store utfordringar i form av negative kulturar. Rusmiljø og kjøpepress er faktorar som påverkar barn, ungdom og familiar. I barnehage og skule er det ein del barn og unge som har samansette lære- og åtferdsvanskar. Barnevernet har auke i talet på meldingar.

Gode førebyggjande tiltak i oppveksten vil innverke på heile livsløpet og har stor verdi for livskvaliteten til den enkelte og evna til å bidra til fellesskapet framfor å trenge hjelp. Tidleg innsats er viktig både for å styrke foreldrerolla og samhandlinga mellom barn og vaksne.

Kommunen har eit førebyggjande tilbod for barn gjennom helsestasjonen. Helsestasjonen er ein hjelpe- og førebyggjande instans med aksept hos befolkninga.

Utfordringa for dei forskjellige tenestene, er å samordne seg betre for å førebyggje framfor å reparere og setje i verk omfattande tiltak i etterkant.

Norsk institutt for By- og Regionforskning har utarbeidd ein rapport på oppdrag frå Hemsedal og Hol kommunar; ”Attraktive turistdestinasjoner – gode oppvekstmiljøer”.

Rapporten byggjer i fyrste rekkje på erfaring, kunnskap og synspunkt frå elevar i ungdomsskule, vidaregåande skular og eldre ungdom busett i dei to kommunane. Rapporten synleggjer ei ungdomsgruppe i Hemsedal som veks opp i eit bygdefellesskap med tradisjonar og kultur. Men kommunen har utfordringar i å finne balansen mellom turiststadsutvikling og eit trygt oppvekstmiljø for barn og unge. Urbane impulsar frå turismen pressar fram eit høgt materielt forbruk, som kan skape inkluderings- og ekskluderingsmekanismer. På den andre sida er turismen med på å bevisstgjere ungdom på eigen identitet og at det er viktig å ta vare på naturen og kulturen som er Hemsedal.

Me vil:

- At barn som veks opp i Hemsedal skal lære gode rutinar og sunn livstil, der skule og barnehage er med på å leggje grunnlaget for dette.
- Ha barnehageplass og SFO til alle som treng dette.
- At skulen i Hemsedal skal vere ein trygg og god plass for læring.
- Leggje til rette for at ungdommen i bygda gjennom ungdomsrådet får formidle meiningar, råd og synspunkt til politisk hald.
- Leggje til rette for at ungdommen i bygda ser at lokalsamfunnet har bruk for dei og at dei får lyst til vere ein del av Hemsedal i framtida..
- At alle som veks opp i Hemsedal skal ha trygge rammer også utanom skule og barnehage.
- Gje ungdommen god oppfølging rundt val av studiar og arbeid, slik at dei vert ein ressurs for arbeidsmarknaden i lokalsamfunnet.

Difor skal kommunen:

- Leggje til rette for at skule og barnehage har tilpassa bygningsmasse og utanomhusareal.
- Utvide barnehageavdelingane i takt med behov.
- Utarbeide politisk handlingsplan for opplæring, der kartleggings- og oppfølgings/tiltaksplan er definert.
- Ta med ungdomsrådet sine uttaler i avgjerdsgrunnlaget for saker som vedkjem Hemsedal si framtid.
- Ha godt SFO- tilbod, der hjelp til lekser skal inngå som ein del av aktiviteten.

Helse, velferd, omsorg

Alle menneskjer er ressurspersonar. – I Hemsedal vil vi ved utforming av tenestetilbod og ved tilrettelegging la enkeltmenneske få bruke sine ressursar på ein best mogleg måte ut i frå sine føresetnader. Slik kan dei oppleve livskvalitet basert på meistring, meining og livsglede.

Nosituasjon og utfordringar:

Kommunen har ansvaret for tenestetilbodet for alle som har behov for helse og omsorgstenester uansett omfang, alder og diagnose. Gode tilstrekkelege tenester i rett tid har betydning for meistring av kvardagen og arbeidsliv trass sjukdom eller nedsett funksjonsevne.

Hemsedal har statistisk sett høg score på levekårsstatistikkar. Brukarar opplever at dei får dekt dei grunnleggjande behova for helse- velferds- og omsorgstenester. Kommunen har høg fagdekning og stabil arbeidskraft innan helse, velferd og omsorg. Mange av fagområda har god ressurstilgang i høve til talet på innbyggjarar. Det er i lange periodar av året auka press på tenestene og på tenesteytarar på grunn av turisttilstrømming og sesongarbeidarar.

Kommunen har ein høg dekningsgrad på sjukeheimplassar, men det er mangel på omsorgsbustader til eldre og personar med nedsett funksjonsevne. Ein kan sjå at det i framtida vil bli auka behov for dag-, korttid-, avlastnings- og rehabiliteringsplassar. Tenestefanget ved helse- og veldferdstenestene kan forventast å auke med auka bruk av fritidshusvære. Det er og eit auka behov for husvære til sosialt vanskelegstilte, personar med psykiske lidningar og flyktingar.

Hemsedal har få langtidsarbeidslause og få som mottek uføreytingar. Talet på barnevernssaker er høgt og det er eit aukande behov for sosialhjelp.

Hemsedal har statistisk sett ei gunstig aldersfordeling med stor del av ung befolkning. Ein har dei siste åra sett at det er ei stor befolkningsrørslé. Mange flyttar inn og ut av kommunen, og fleire har eit mindre nettverk. Fleire av Hemsedal sine innbyggjarar har ein annan nasjonalitet og kulturell tilhøyre.

Turismen i Hemsedal gir innbyggjarane store fordelar i form av eit godt utbygd aktivitetstilbod, men har også negative sider med fare for auka tilgang til rusmidlar, høgare kriminalitet, samt eit mindre oversiktleg og ivaretakande lokalsamfunn.

Befolkningsendringa og samfunnsutviklinga gjer at vi ser eit stadig aukande behov innafor helse-, velferd- og omsorgstenestene. Det blir fleire brukarar, ein del av desse er yngre brukarar med samansette behov. Kommunen har gjennom fleire reformer opp gjennom tidene fått større ansvar for personar med utviklingshemming, psykisk problem og rusproblematikk. Det vert fleire personar som blir skriva ut frå sjukehus til kommunen som har behov for samansette og omfattande tenester. Dette gir eit behov for ny og breiare kompetanse og ressurstilgang.

Det er også endringar når det gjeld innbyggjarane og dei nasjonale føringane sine krav og forventningar til tenestenivået. Det er varsla ein samhandlingsreform som kan ha stor innverknad på kva kommunen skal tilby av tenestefanget, ressursar og kompetanse samt endringar i

finansiering. For å kunne løyse nokre av dei nye oppgåvene vil det måtte bli vurdert interkommunale løysingar. Det blir og lagt vekt på førebyggjande arbeid.

For personar med særskilde behov har Hemsedal eit lite utbygd arbeids- og aktivitetstilbod. Personar med nedsett funksjonsevne og deira pårørande har rett på koordinerte og samordna tenester. Kommunen har i dag ikkje eit system som sikrar desse sårbare gruppene på ein god nok måte.

Gode førebyggjande tiltak vil innverke på heile livsløpet og er viktig for folkehelse, livskvaliteten til den enkelte og evna til å bidra til fellesskapet framfor å trenge hjelp. Tidleg iverksetting av gode hjelpetiltak og systematisk førebyggjande arbeid kan hindre kostnadskrevjande tiltak i framtida.

For å vite om kommunen har gode og riktige tenester må kommunen involvere brukarane i utforming av tenestetilbodet, vidareutvikle individuelle planar/ tiltaksplanar, samt leggje vekt på eit godt fungerande kvalitetssystem, bruk av måleindikatorar og brukarundersøkingar. Det trengs mykje ressursar for å få dette til. I dag blir det prioritert tenesteyting, slik at kvalitetssikringa ikkje er god nok på alle områder.

I tida framover må tverretatlig og tverrfagleg samarbeid styrkast, både kommunalt og interkommunalt. Dette ikkje minst i høve til samarbeidet mellom primær- og spesialisthelsetenesta med tanke på kompetanseutveksling og oppgåveløysing.

Me vil:

- Arbeide for å få eit fleksibelt og differensiert teneste- og butilbod slik at den enkelte kan leve og bu på en slik måte at det kjennest trygt, aktivt og meningsfylt.
- Sikre god, samordna, tverrfagleg rehabilitering der den enkelte kan få heilskapleg hjelp til på nytt å meistre tilvære etter sjukdom, skader og rusmisbruk.
- At all kommunal planlegging og utvikling skal ta omsyn til miljøretta helsevern og universell utforming.¹⁾ Kommunal planlegging og utvikling skal ta omsyn til tenesteomfanget ved helse- og velferdstenestene.
- At helse, gode vanar og positive haldningar for barn og unge skal utviklast i samarbeid mellom ulike fageiningar som har med barn og unge å gjere. Helsestasjonen, psykisk helse og barnevern skal vere eit lågterskeltilbod og ha eit langsiktig førebyggjande perspektiv i sitt arbeid.
- Leggje til rette for busetting og integrering av flyktingar og asylsøkjjarar mellom anna gjennom tilgang til egna bustader og aktivitetstilbod; skule og opplæring.

¹⁾ **Universell utforming**

Universell utforming er ein strategi for planlegging og utforming av produkt og omgjevnader for å oppnå eit inkluderande samfunn med full likestilling og deltaking for alle. Dette omfattar fysisk utforming av tilrettelagte uteareal samt bygningar.

Difor skal kommunen:

- Sikre at det er rett kvalitet, tilgjenge og nivå på tenestetilbodet, ved at brukarar får medverke i utforming av tenestetilbodet, samt å sikre at det er tilstrekkelig med ressursar til fagutvikling og kvalitetssikring. Vidare å utvikle måleindikatorar som kan nyttast som styringssignal i utvikling av tenestene.
- Drive opplysningsarbeid og sikre eit godt samarbeide med næringslivet, lag og organisasjonar når det gjeld førebyggjande helse og rusarbeid.
- Arbeide for vidareutvikling av eit arbeids- og aktivitetssenter som gir eit meningsfullt tilbod til alle som av ulike grunnar fell utanfor det ordinære arbeidslivet/ utdanningssystemet ("Inn på tunet"²⁾ er ein viktig del av denne satsinga).
- Ha tenestetilbod som gjev den enkelte sosial tryggleik. Tenester som legevakt og politi må styrkjast i periodar med mange besøkande.
- Prioritere arbeidet med psykisk helse.
- Ha oppsøkjande og førebyggjande helsestasjon for alle som står i fare for falle utanfor samfunnet.
- Bygdaheimen og nærområdet rundt skal vere eit senter for bu-, behandlings- og aktivitetstilbod.
- Støtte opp om å utvikle Hallingdal sjukestugu som eit distriktsmedisinsk senter.



²⁾ Definisjon på "Inn på tunet":

"Inn på tunet omfattar tilrettelagte, pedagogiske tilbod på gardsbruk til alle aldersgrupper. Dette er i hovudsak tenestetilbod som føregår i nært samarbeid med oppvekst/skule-, helse/sosial-, arbeids- og velferdssektorane. Bonden er direkte involvert i tilbodet, enten som leiar, som utleiar eller båe delar. Kjøparen av tenestene er hovudsakleg kommunen, men kan også vere stat og private aktørar" (Landbruks- og matdepartementet 2007).

Butilbod

I Hemsedal vil me at alle som bur, eller ynskjer å bu skal finne attraktive, varierte og tenlege butilbod.

Nosituasjon og utfordringar:

I gjeldande kommuneplan, arealdelen 2006-2018 er det rekna med eit behov for om lag 200 nye bustader i perioden, 70 % einebustader og 30 % leiligheiter. Kommunen har pr. september 2009 berre att 5 ferdig opparbeida bustadtomter for sal i bustadfelt på Svøo, Ulsåk. Gjeldande kommuneplan har ikkje lagt ut meir bustadområde på Ulsåk, men i høve til infrastruktur og areal ligg det til rette for ei utviding av eksisterande bustadfelt Svøo.

I tettstaden Tuv har kommunen hand om eit større areal som er regulert for bustadtomter i austre delen av det etablerte bustadfeltet på Tuv. Området må vurderast i høve til flaum, og det er usikkert kor mykje areal som kan byggjast på. For Trøim og område Hustadhagen, Tuv er det i gjeldande kommuneplan lagt ut areal for framtidige bustadtomter, men områda er ikkje regulert. Utviklinga dei siste seks åra syner at det i gjennomsnitt er bygd 18 bueiningar kvart år, og at fordelinga er ca 50/50 på einebustader og leiligheiter (både tomannsbustader og leiligheitsbygg). Dette er meir enn forventa i gjeldande kommuneplan og trenden er at det vil vere meir behov for mindre bustader enn det ein tidlegare har vurdert. Kommunen har til no vore leiande i å opparbeide bustadfelt og hatt ein politikk på at tomtene skal seljast til sjølvkost. Dei siste 8 åra har også private bygd ut både tomtfelt og fleire mindre husvære i form av leiligheitsbygg og tomannsbustader.

I kommunen er det ei utfordring å skaffe husvære til sesongarbeidarar. Talet på sesongarbeidarar er og aukande, og vil i 2009 truleg passere 500 registrerte utanlandske.

I tillegg kjem norske sesongarbeidarar som ikkje vert registrert som tilflytte i kommunen, som kan vere nesten like mange. Om sesongarbeidarane skal integrerast i bustadfelt, om det skal etablerast eigne bustadområde med leiligheiter eller om det innanfor reiselivsområda skal leggjast til rette for utbygging av bustader for denne gruppa, er spørsmål som har vore drøfta i mange år. I kva grad kommunen skal engasjere seg i meir enn berre å leggje til rette areal for denne gruppa er og spørsmål som er stilt.

I tillegg til utfordringar for reiselivet, vil og den planlagde Friluftshøgskulen på sikt ha behov for husvære for 300 studentar.

Som eit tiltak for å oppretthalde busetnaden i grendene, har kommunen hatt som utgangspunkt å leggje til rette for spreidd utbygging. Inntil 3 nye bustader kan byggjast utan plankrav, dersom det ikkje kjem i konflikt med andre interesser.

I gjennomsnitt dei siste åra vert det bygd 2 bustader i året utanom tettstadene (Tuv, Trøim og Ulsåk).

Me vil:

- Ha eigna areal til både bustadtomter og meir konsentrert utbygging, frå tomannsbustader til leilegheitsbygg i dei tre bygdesentra, Tuv, Trøim og Ulsåk.
- Ha større bustadtomter utanfor bygdesentra (5-6 daa).
- Ha ein utbyggingspolitikk der områder med bustader for fast busette er skilt i størst mogleg grad frå områder for fritidsbustader.
- At bustadhus skal vere bedbudd av fastbuande.
- At fråflytta landbrukseigedomar får fast busetnad (Lys i alle glas).
- Ha gjennomgangsbustader for ungdom.
- Leggje til rette for eldre-bo med nær avstand til sentrumsfunksjonane.
- Leggje til rette areal for tenlege husvære for sesongarbeidarar.

Difor skal kommunen:

- Gjennom arealdelen til kommuneplanen sikre at kommunen har attraktive areal for framtidig bustadbygging både i tettstadene og for spreidd bustadbygging.
- Kjøpe areal for bustadbygging i alle dei tre tettstadene, og byggje ut felt, slik at kommunen til ei kvar tid har tomter for sal.
- Handheve til ei kvar tid gjeldande bupliktreglar.
- Gjennom framtidige reguleringsplanar for tettstadene, leggje til rette for mindre husvære og konsentrert utbygging.

Kva ville du forandra?

Bygge samsjehall.
Fordi eg elsker å
lude.

Utbyggingsstrategi

I Hemsedal vil me ha ein bevisst utbyggingspolitikk som tek omsyn til bærekraft, miljø og framtidige generasjonar.

Nosituasjon og utfordringar:

Hemsedal har utvikla seg til å bli eit attraktivt reisemål, spesielt vintersesongen, med Skandinavias fjerde største alpinanlegg. Som ei følgje av dette er det m.a. press på areal og utfordringar i forhold til utbygging og utvikling. Utbyggingspolitikken dei siste ti åra, har vore å leggje til rette for ei utvikling i skisenteret, baseområdet og omkringliggende areal og nedfart/samanbinding til Trøim sentrum. Frå 1998 har kommunen hatt ein varm/kaldsengs politikk, der ein i hovudsak har sagt at 30 % av sengene kan seljast fritt (kalde), medan 70 % av sengene skal vere i utleige (varme) i dei områda som er nærast aktivitet/service funksjonar.

Hyttebygging utanfor desse områda har karakter av å vere spreidd utbygging. Frå hyttebygging på stølane starta på byrjinga av 1900-talet, har kommune i dag ca. 2500 hytter. Hyttene er lokalisert i heile kommunen. I området frå Gravset, Helsinglia, Storevatnet, Markegardslia og Lykkja er det ca. 700 hytter. I Grøndalen, Mørkevamdalen, Bulidalen og Ershovd om lag det same. Kommunen har dei siste 30 åra hatt rammer for spreidd utbygging, ved at det er sett grenser for tal på hytter og storleik på hyttene. Nye fritidsbygg er i utgangspunktet planlagt i sameiger eller i områder der det frå før er utbygd. Det er krav om reguleringsplan, og alle nye bygg skal planleggjast for innlagt vatn. Dette gjer at det er mest formålsteneleg at vatn- og avlaupsplan og reguleringsplan vert handsama parallelt. Det har ikkje vore ført nokon politikk i forhold til fortetting, og gjennom arbeidet med kommunedelplanen for Markegardslie-Lykkja vart det teke omsyn til eldre vedtekne disposisjonsplaner, men ikkje vurdert nye hytter utover dette. Gjennom kommunedelplan for Markegardslie-Lykkja og eiga forskrift om utslepp av avlaupsvatn, har kommunen i dag verktøy for å rydde opp i ulovleg bygde anlegg og krevje områdeplanar ³⁾ for heilskapleg vurdering av vassmiljøet.

Kommunen har tilrettelagt for offentleg vatn og avlaup mellom Ulsåk og Tuv

Utvikling av tettstadene Tuv, Trøim og Ulsåk skal i hovudsak skje gjennom reguleringsplan eller kommunedelplan. Gjeldande plan for Trøim sentrum er frå 2000, planane for dei to andre tettstadene er eldre.

Utbygging i bratt terreng, fortetting av byggeområde og utbygging av større områder, set spesielle krav til estetikk og terrengtilpassing. Kommunen har også områder med særprega kulturlandskap, der det vert sett ekstra krav til byggeskikk når det skal gjerast tiltak. Moderne arkitektur og lokal byggeskikk har vore tema i mange enkeltsaker og i samband med planarbeid dei siste åra, og fleire av desse sakene vert i dag brukt som gode eksempel.

Uterom som blir anvendt til lek, turstigar og trygge skuleveggar og som har verdi i eit folkehelseperspektiv, bør sikrast gjennom arealplanlegginga.

³⁾ **Områdeplan – Vatn og avlaup**

Med områdeplan er meint plan for vassforsyning og avlaup for eit avgrensa område.

Me vil:

- Auke busetjinga ved å leggje vekt på eit attraktivt bu- og nærmiljø som til dømes tilbod på attraktive bustadtommer, nærleik til skule, barnehage, idrettsplass, aktivitetstilbod for barn og unge, varierte og gode arbeidsplassar og gode handels- og servicetilbod.
- Ha ein utbyggingspolitikk som sikrar at det er eit sunt forhold mellom utbygging av overnatting, servise og aktivitetstilbod.
- Sjå arealforvaltninga i pressområda for utbygging i eit langsiktig perspektiv, og å reservere/"spare" område til eventuell utvikling i framtida.
- Konsentrere den tyngre reiselivsutbygginga til sentrale område.
- Jordbruksarealet skal ikkje bli vesentleg redusert som følge av utbygging/tilrettelegging for tiltak.
- Skjerme større samanhengane natur- og landbruksområde, slik som nordsida av dalen Høgeloft- Skogshorn.
- At nye område for fritidsbustader skal lokaliserast i samanheng med større eksisterande område for fritidsbustadar. Nye område for fritidsbustadar skal ikkje lokaliserast nær inntil eller slik at det vil føre til auka belastning for etablerte eller framtidige bustadområde, jordbruksområde og nærmiljøfunksjonar.
- Nye område som blir teke i bruk skal ikkje berøre areal som ligg over skoggrensa, er viktige for biologisk mangfald, friluftsliv eller er inngrepsfrie område (i forhold til nasjonal status), er i aktiv jordbruksdrift eller er viktige i kulturlandskaps samanheng.
- At all utbygging i Hemsedal skal vere miljøvennleg med omsyn til materialbruk, klimatilpassing, energibruk og avfallshandtering.
- Ha ein utbyggingspolitikk som tek omsyn til estetikk, terrengtilpassing og kulturlandskap.
- At det offentlege rom i tettstadsområda i kommunen har ei universell utforming, slik at det er tilgjengeleg for alle.
- I samband med reiseliv og primærnæringane bør behovet for grønne korridorar, stigar og løyper vektleggast.

Difor skal kommunen:

- Gjennom områderegulering (ny pbl 2008) leggje til rette for infrastruktur og næringsareal.
- Gjennom vedtak av kommunal planstrategi kvart fjerde år, fange opp endringar i tida, slik at kommunen er i føringa.

- Gjennom områdeplanar (ny pbl 2008) for tettstadsområda leggje føringar for arealbruken slik at viktige samfunnsfunksjonar kan utviklast.
- Gjennom kommuneplanens arealdel sikre nødvendig areal med hensyn til naturleg utvikling av alpinproduktet og reiselivsarealet på sørsida av Hemsila/ Mørkedøla til Lauvdøla.
- Gjennom kommuneplanen sin arealdel vurdere lokalisering av næringsfritidsbustader og fritidsbustader gjennom ABC-modellen.
- Tilretteleggje for at elveløpa gjennom tettstadene kan gjerast tilgjengelege.
- Skiløypetraseen gjennom dalen skal sikrast i all arealplanlegging.
- I størst mogleg grad ta omsyn til etablerte stigar og turvegar.
- Sette krav om "ski inn- ski ut", ved skiheisnær utbygging.
- Gjennom planstrategiar, planvedtak og enkeltsaker sikre god estetisk utforming av all utbygging, der både kulturlandskap, eksisterande bygningar og terreng vert teke omsyn til.

Kva er bra i Hemsedal? SKI HEISEN

Korleis håpar du Hemsedal kommune er i 2020? ALT FORMASE TURISTER



Næringsliv

I Hemsedal vil me dyrke eit nyskapande næringsliv

Nosituasjon og utfordringar:

Reiseliv og landbruk er hovudnæringane i bygda. Landbruket, og spesielt mjølkeproduksjon, har hatt ei rivande utvikling med framleis optimisme og ynskje om satsing. Utviklinga har gått mot større einingar og samdrifter, medan familiebruka har blitt færre. Likevel, attgroing av kulturlandskapet er aukande.

Reiselivsnæringa er mykje tufta på alpinturisme med Hemsedal skisenter som den største private heilårsarbeidsplassen. Grunna store sesongsvingningar treng næringa mange sesongarbeidarar. Alpinturismen har gjeve grobotn for ei rekke etterspurde aktivitetstilbod, både sommar og vinter. Samspelet mellom natur, kultur og næring har vore, og er ein viktig premis for vidare utvikling. Spesielt reiselivet, og dei mange hytteeigarane har gjeve grunnlag for eit rikt handelstilbod. Reiselivet konkurrerer i ein globalt marknad der heile 50 % av reiselivsomsetninga er basert på utanlandske kundar.

Hemsedal har utmerka seg med mange innovative næringsetableringar innan råvareforedling og næringsmiddelfag. Likevel, grunnlaget for vidare næringsutvikling er avhengig av anna knoppskyting som kan bidra til ein meir variert næringsstruktur.

Me vil:

- At Hemsedal skal vere ein av Skandinavias mest attraktive skidestinasjonar.
- At Hemsedal skal vera ein av Noregs mest nyskapande bygder med vekt på bærekraft, kultur og miljø.
- At næringsutvikling basert på sommarturisme, kultur- og kunnskapsnæringar vert viktige utviklingsområde, fordi det gir betre balanse mellom sommar- og vinterturismen. Gjestene får eit betre tilbod og bygda sikrar heilårsarbeidsplassar.
- Gjennom kommuneplanens arealdel sikre nødvendig areal med hensyn til naturleg utvikling av alpinproduktet og reiselivsarealet på sørsida av Hemsila/ Mørkedøla til Lauvdøla.
- Hegne om dyrka mark og eit aktivt landbruk, som grunnlag for produksjon av mat av høg kvalitet og eit kulturlandskap til beste for innbyggjarar og turistar.

Difor skal kommunen:

- Gjennom arbeidet med arealdelen leggje til rette for framtidige alpinformål.

- Ha god kontakt med, og kunnskap om næringslivet i Hemsedal gjennom aktivt næringsarbeid.
- Gje rammevilkår for eksisterande næringsliv.
- Styrke samspelet mellom næringane i kommunen.
- Søkje å nyttiggjera seg midlar gjennom ulike støtteordningar, frå Drammen til Brussel.
- Ha ledig næringsareal for større og mindre bedrifter til ein kvar tid
- Prioritere næringsarbeid, med vekt på nyetablering og knoppskyting i etablerte verksemdar. Kultur- og kunnskapsbasert næring er særskilte satsingsområde
- Vere ein pådrivar for kunnskapsutvikling innan næringslivet for å sikre framtidig kompetanse og rekruttering

Miljø

I Hemsedal vil me at miljøet skal takast vare på slik at landskapsbilete/landskapet og naturverdiane kan vidareførast til neste generasjon utan forringing.

Nosituasjon og utfordringar:

Hemsedal kommune har store fjellområde, opent og levande kulturlandskap, viktige våtmarksområde, vatn og vassdrag. Dette er kvalitetar som har ein eigenverdi, men som også betyr mykje for fastbuande så vel som tilreisande. Faktorar som kan truge natur- og miljøverdiane våre i dag er forureining og tyngre inngrep i form av veg- og fritidsbustadutbygging. I dag er det brei semje om at områda frå Skogshorn og nordover til Høgeloft skal vere urørte. Det må også vere målet for framtida. Fokus må i tillegg vere på kvalitetar som ligg i pressområde for utbygging, slik at ein tek vare på grønne lungar og spesielle naturverdiar. Uterom som blir anvendt til leik, turstigar og trygge skuleveggar og som har verdi i eit folkehelseperspektiv, bør sikrast gjennom arealplanlegginga. Avfallshandtering og forsøpling er ein utfordring i Hemsedal, og Hemsedal kommune, landbruket og reiseliv/service - næringa må saman sørgje for at Hemsedal står fram som ein kommune der alle tek ansvar for si verksemd og ikkje belastar miljøet. Satsing på fornybar energi er prioritert gjennom enøk-fond og eigen energi- og klimaplan. Hovudmålet med miljøtiltaka er tufta på bærekraftsbegrepet: me ynskjer å sikre naturverdiane og urørt landskap slik at det også kan opplevast av framtidige generasjonar.

Me vil:

- Bevare dei urørte landskapsområda i tillegg til kulturlandskapet og biologisk mangfald.
- At inngrep i fjellområda som ligg over skoggrensa bør vurderast i plansamanheng. At fjellområda frå Skogshorn til Høgeloft skal ligge som LNF-område.
- Arbeide for utvikling av effektiv, trygg og universelt utforma og miljøvenleg infrastruktur som sikrar næringslivet og innbyggjarane sine behov for transport og kommunikasjon.
- Arbeide for å redusere klimagassutsleppa.
- Ha fokus på avfallshandtering og forsøpling.
- Ta omsyn til vatn og vassdrag og det tilhørande biologiske mangfaldet ved utbygging og i forureiningssaker. Samt oppretthalde ein buffersone rundt vatn og siktlinjer til viktige vassdrag/vatn i landskapet.

Difor skal kommunen:

- Vere bevisst på bygging i sårbare område.

- Føreta jamlege registreringar av biologisk mangfald. Registreringane gjev eit betre beslutningsgrunnlag for bruk av areal til ulike formål.
- Arbeide aktivt for skjøtsel og miljø langs Hemsilvassdraget i samarbeid med grunneigarar og Hemsedal fiskeforening, der arbeidet fører til skjøtselplan.
- Iverksetje konkrete tiltak for å oppretthalde kulturlandskapet, til dømes gjennom beiteplan.
- Bidra til å ferdigstille energi- og klimaplan for Hallingdal og Valdres. Denne vil bli vedtatt som kommunedelplan for Hemsedal.
- Arbeide for at alle bedrifter/føretak i kommunen skal følgje bestemminga i miljøfyrtårn. Det bør vere eit krav til nye større utbyggingar, til dømes over 300 m² BRA, at dei skal nytte vassbåren varme.
- Stimulere til betre utnytting av energitiltak gjennom tildeling av enøk-midlar.
- Vere ein pådrivar for å få til ein god løysning av renovasjon i Hemsedal i samarbeid med Hallingdal Renovasjon som er ansvarleg for avfallshandtering i kommunen.
- Ikkje tillate ulovleg utslipp og dumping av avfall, og overvake og følgje opp slike forureiningssaker.
- Drive haldningskampanjar som kan bidra til å redusere forsøpling, ulovleg deponering av masser og dumping av avfall utanfor godkjente avfallsplassar etc.

Korleis håpar du Hemsedal kommune er i 2020?

Mere søppelkasser.


Gangveg i heile bygda

Samferdsel og kommunikasjon

I Hemsedal vil me ha ein effektiv, trygg og miljøvennleg infrastruktur som sikrar næringslivet og innbyggjarane i kommunen.

Nositasjon og utfordringar:

God infrastruktur, transport og kommunikasjon er ein føresetnad for utvikling av ei distrikts- og turistkommune som Hemsedal. I kommunen er det ein sterkt trafikkert stamveg, Rv52 som går gjennom dei tre sentra i Hemsedal og som har vorte eit stadig viktigare aust-vest samband.



Trafikken over Hemsedalsfjellet har etter opninga av Lærdalstunnelen (nov. 2000) hatt ei sterk auke, der det i 2008 var ein ådt (årleg døgntrafikk) på 978. Av dette utgjorde tungtrafikk så mykje som 31,4%, noko som er svært høgt samanlikna med tilsvarande stamveggar. Trafikkauken skuldast i det vesentlege to forhold:

- Ein større del av aust-vest trafikken (spesielt tungtrafikk) vel Rv52.
- Hemsedal har fått ein større marknadsdel frå Vestlandet.

Kombinasjon av ein stadig aukande turisttrafikk og sterk auke i tungtrafikken gjer at denne ferdselsåra er ein utfordring, ikkje minst i forhold til trafikktryggleik. Etter Rv52 er det berre strekninga Ulsåk-Trøim som har gang- og sykkelveg. Skibuss, som er eit gratis tilbod internt i bygda, mellom tettstadene og skisenteret har redusert den interne trafikken, og er eit godt kollektivtilbod for både fastbuande og turistar i skisesongen. Mot omverda er det viktig å utvikle eit veg- og jernbanenett både i høve til standard og reisetid mot aust og vest, som gjer at Hemsedal ikkje tapar konkurransekraft.

Det er tilrettelagt for breidband i store delar av kommunen, men ikkje alle har dette tilbodet.

Me vil:

- Arbeide for utvikling av effektiv, trygg og miljøvennleg infrastruktur som sikrar næringslivet og innbyggjarane sine behov for transport og kommunikasjon.
- Utvikle eit sterkt utvida kollektivtilbod i Hemsedal i samarbeid med reiselivsnæringa.
- Saman med resten av Hallingdal arbeide for eit best mogeleg kollektivtilbod til/frå Hallingdal/Hemsedal.
- Ha gangveg mellom Trøim sentrum og Venås bru.

Difor skal kommunen:

- Planleggje og regulere framtidig veg-, trafikk- og parkeringsstruktur i sentrum og mellom sentrum og turistområda, som tek høgde for planlagt vekst i reiselivet og dei service-, handels- og reiselivsfunksjonar som skal være lokalisert i sentrum.
- Byggje/utbetre minst 5 km gangveg, stig eller rækste rundt kvar skule. Målet er å få til enklare og meir fleksible løysingar enn tradisjonell gang- og sykkelvegutbygging.
- Syte for at kommunale vegar har god standard.
- Gjennom vedteken trafikktryggleiksplan, ha handlingsplanar for trafikktryggleikstiltak.
- Leggje til rette for at utbygging i sentrale områder skapar minst mogeleg intern trafikk.
- Vera ein pådrivar for at arbeidet med å føre Rv52 utanom sentrum blir prioritert av regionale og statlege styresmakter.
- Arbeide for ei betring av standard og vedlikehald på fylkes- og riksvegnettet generelt, og spesielt Rv52 mellom Gol-Borlaug.
- Leggje til rette slik at innbyggjarar, næringsliv og turistar har gode breibandtilbod i Hemsedal.
- **Saman med resten av Hallingdal:**
- Arbeide for ei generell standardheving av Rv7/Rv52, i tillegg til prioriterte investeringstiltak.
- Arbeide for at Bergensbanen må rustast opp til ein moderne og effektiv bane med vesentleg reduksjon i reisetida. Ringeriksbanen må realiserast i NTP-perioden 2010-2019.

Samfunnssikkerheit og beredskap – ROS ⁴⁾

I Hemsedal skal det vera trygt samfunn for alle som bur, oppheldt seg, ferdast i, har sitt virke i eller har eigeedom her.

Nosituasjon og utfordringar:

Hemsedal kommune var med i eit felles prosjekt på slutten av 1990 talet for risiko- og sårbarheitsanalyse for kommunane i Hallingdal. Risiko og- sårbarheitsanalysen for Hemsedal byggjer på denne felles analysen.

Kommunane skal jobbe for å gjere samfunnet mest mogleg robust for påkjenningar. For å redusere risiko og sårbarheit, skal førebyggjande samfunnssikkerheitsarbeid ivaretakast i all planlegging etter plan -og bygningslova. Målsettinga er å førebyggje tap av liv, helse, miljø og materielle verdiar ved planlegging og utbygging i samfunnet.

Hemsedal kommune skal arbeide aktivt og målbevisst med å førebygge uønska hendingar, unngå å skape nye risikoar og å redusere skadeverknadane dersom uønska hendingar inntreffer. Alle mål i kommunen sine planar skal vurderast i høve til beredskapsomsyn og samfunnssikkerheit. Risiko- og sårbarheitsanalyser er eit viktig verktøy i kommunen sitt beredskapsarbeid.

Kommunen taklar dagleg uønska hendingar. Brannvesenet rykker ut ved brannar, helsevesenet tek seg av skader og så vidare. Når kriser oppstår, og omfanget eller konsekvensen av situasjonar er større enn dei som det ordinære bistandsapparatet taklar til dagleg, skal kommunen også vere førebudd på å handtere dette.

Hemsedal kommune har eigne planar for samarbeid med redningsetatar og andre aktørar ved kriser. (kriseplan). Denne blei sist revidert i hausten 2009.

For å være tilstrekkelig godt førebudd på ulike hendingar, må det systematisk og jamneleg gjennomførast øvingar for relevante deler av kommuneorganisasjonen og andre som er ein del av kriseberedskapen.

Risiko og sårbarheit vert påverka i stor grad av arealbruk, og kommunen har etter plan- og bygningslova eit ansvar for sikker bruk av areal og bygningar. Ved arealplanlegging må det blant anna takast omsyn til naturbasert sårbarheit (ras, flaum, radonstråling m.m.), drikkevatn og avlaup, verksemdbasert sårbarheit (farlege stoff, brann, eksplosjon, forureining m.m.), viktig infrastruktur (straumforsyning, kommunikasjonssystem, bygg og anlegg med noko å seie for sikkerheit og beredskap m.m.), og terrorisme og sabotasje (viktige industrianlegg, kraftforsyning, telekommunikasjon, hovudtrafikkårer, våpen- og sprengstofflager m.m.).

For Hemsedal er sentrumsområda Tuv, Trøim og Ulsåk utsett for flaum der ein har dei største konsekvensane, dersom flaum oppstår. Det er utarbeida flaumsonekart for tettstadane Trøim og Ulsåk og arbeidet er i gang med kart for Tuv.

I arbeidet med kommuneplanen si arealdel må det derfor takast spesielt omsyn for tilrettelegging av tiltak i flaumsoneene.

Gjennom Hemsedal kommune går RV 52 med stor gjennomgangstrafikk av tunge køyretøy, dette fører til at kommunen må ha stor merksemd på sikkerheit og beredskap knytt til vegtrafikken.

Dette arbeidet må og vere ein del av trafikktryggleiksarbeidet i kommunen.

⁴⁾ ROS = Risiko og sårbarheit

Me vil:

- At Hemsedal kommune skal være et trygt og robust samfunn
- Vere godt førebudd på å takle uønska hendingar og krisesituasjonar
- Arbeide systematisk for å redusere risiko og sårbarheit

Difor skal kommunen:

- Ha eit oppdatert og relevant beredskapsplanverk
- Bruke risiko- og sårbarheitsanalyse som verktøy i planlegging
- Vektleggje førebyggjande og skadereduserande tiltak i all planlegging
- Øve jamneleg på handtering av krisesituasjonar